

T i l

O L A I

på

70-års dagen.

Tone: Mannen han gjekk seg på vedaskog.

I atten sju og sytti kom storebror,  
hei-fa-ra- kom storebror,  
på Bispegarden til far og mor.  
hei-fa-ra. Fal-tu-ril-tu-ral-tura.

Og guten vaks og vart rund og kjekk,  
hei fa-ra- vart rund og kjekk.  
Olai, det var namnet som guten fekk.  
Hei-fa-ra o.s.v.

I hönseflokken han likte seg godt  
Hei-fa-ra- han likte seg godt.  
Der gjekk han og stabba den vesle pjott.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Han stundom tok hanen i stova inn.  
Hei-fa-ra- i stova inn,  
og sette han frå seg på stolryggen sin.  
Hei-fa-ra - o.s.v.

Olai han snart laut på skulen gå.  
Hei-fa-ra- på skulen gå.  
Om vinteren gjekk han med tresko på.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Men regnde det, hadde Olai for skikk,  
hei-fa-ra- Olai for skikk,  
å ganga med tresko og "skjötemanik"  
Hei-fa-ra- o.s.v.

I skuléstova Olai han gjekk,  
hei-fa-ra- Olai han gjekk.  
Han skuleborni på låtten fekk.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Olai vart vaksen, og då han gjekk,  
hei-fa-ra- ja då han gjekk  
i Frydenlund til ei gjenta kjekk.  
Hei-fa-ra o.s.v.

Olai han fridde og han fekk ja,  
hei-fa-ra- ja han fekk ja.  
Ho Berta vilde Olai'en ha.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Ved Olsok-helgi, eg sikkert trur,  
hei-fa-ra- eg sikkert trur,  
ho Berta vart gylta som krunebrur.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Herzog han var i Olai so glad,  
hei-fa-ra- i Olai so glad.  
Ei plata av brudlaupet vilde han ta.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Han stilte opp alle ~~de~~ seng'kanten fram,  
hei-fa-ra- ~~de~~ seng'kanten fram.  
Men me kom på lätten, so det vart ei skam.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

For Herzog han hadde so lange fôt,  
hei-fa-ra- so lange fôt.  
Når han skulde klikka, då lo me stött.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Eg hadde slik hug å det bilate sjå,  
hei-fa-ra- det bilate sjå.  
For kvinnfolki dei gjekk med bunad på.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Eg treffte Olai og spurte so blid,  
hei-fa-ra- eg spurte so blid.  
Då fann han den gamle sjilykti si.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Han bilate brukte til lykteglas,  
hei-fa-ra- til lykteglas.  
Me hadde nok skratta den plata i knes.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

I eventyret so mykje finns,  
hei-fa-ra- so mykje finns.  
Og året etter dei fekk ein prins.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Og so ei prinsessa dei fekk til slutt,  
hei-fa-ra- dei fekk til slutt.  
No hadde dei både gjenta og gut.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Dei kjøpte seg hus, og dei budde so flott,  
hei-fa-ra- dei budde so flott.  
Nett som ein konge i eige slott.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Ei Olsokhelg gifte han dotteri bort,  
hei-fa-ra- ja dotteri bort.  
Han Ludvik fekk ho, og so var det gjort.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Ifjor han Olai han kjøpte ein båt,  
hei-fa-ra- han kjøpte ein båt.  
Han lika so godt høyra motorlåt.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Ein dag han i båten sin skulde ombord,  
hei-fa-ra- han skulde ombord.  
Uheldigvis då han i sjöen for.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Hatten hans siglde på sjöen so flott,  
Hei-fa-ra- på sjöen so flott.  
Men fullmånen lyste i nakken so godt.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Elai han kom oppatt med hatten på,  
hei-fa-ra- med hatten på.  
Slik meister i sjöen du ei kan sjå.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Idag han Olai han er sytti år,  
Hei-fa-ra- ja sytti år.  
Men nett som ein ungdom i blandt oss går.  
Hei-fa-ra- o.s.v.

Idag eg tykkjer det høver bra,  
hei-fa-ra- det høver bra,  
om han fekk eit tre ganger tre hurra:  
Hurra-hurra-hurra-hurra-hurra-hurra.

Broder Jakob.